

STS GRUPPEN AS  
Postboks 6085  
5892 BERGEN

## Godkjenning som lærebedrift i isolatørfaget

Vi viser til søknad om å bli godkjent som lærebedrift i Isolatørfaget. På grunnlag av dei opplysningane som ligg føre i saka, er

### **STS GRUPPEN AS, org.nr. 991750282 godkjent som lærebedrift i Isolatørfaget**

Vi har registrert følgjande opplysningar om bedrifta:

Ansvarleg leiar: Ingrid Solheim  
Fagleg leiar: Lasse Birkenes  
Instruktør(ar): Lasse Birkenes  
Arbeidstakarane sin tilsynsrepresentant: Tom Helge Dåvøy  
Medlem Opplæringskontor: Norsk Opplæringskontor for ISO fagene

Vilkåra for å bli godkjent som lærebedrift er regulert av Opplæringslova §4-3 og forskrifta §11-1 :

1. Lærebedrifta må vere ei slik verksemd og ha slikt utstyr at ho kan gi ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen.
2. Lærebedrifta skal ha ein eller fleire fagleg kvalifiserte personar (fagleg leiar) som har det formelle, overordna ansvaret for opplæringa, og skal sjå til at opplæringslova med forskrifter blir oppfylt.
  -
3. Bedrifta skal ha ein eller fleire instruktørar som står føre opplæringa. Instruktøren er lærlingen og lærekandidaten sin næraste støttespelar, og har ansvar for den daglege opplæringa og for undervegsvurdering og halvårsvurdering. Fagleg leiar og instruktør kan vere ein og same person.
  -
4. Verksemda må vere lokalisert innan Vestland fylke sitt geografiske område.
  -
5. Fagleg leiar må ha gjennomført fylkeskommunen sitt introduksjonskurs for nye lærebedrifter

Bedrifta må søkje om ny godkjenning frå Vestland fylkeskommune dersom det går meir enn to år før lærekontrakt blir teikna eller det er gått meir enn to år frå siste avslutta lærekontrakt.

Oversikt over lærebedrifta sine plikter elles finn de vedlagt.

Vi gjer merksam på at

- dersom det skjer endringar ved lærebedrifta som har innverknad på læreforholdet, skal fylkeskommunen ha skriftleg melding. Dette gjeld for eksempel om fagleg leiar sluttar.
- 

VigoBedrift: Ta kontakt med opplæringskontoret ditt om eventuell tilgang.

Kurs for faglege leiarar og instruktørar finn de på <https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/laerling/allereie-godkjent-laerebedrift/>

Rettleiing om oppfølging av lærlingar/læreandidatar:

<https://www.udir.no/utdanningslopet/videregaende-opplaring/folg-opp-larlinger>

Godkjende bedrifter blir tatt med i oversiktene over lærebedrifter på <https://www.vilbli.no> og <https://utdanning.no>

Vi ønskjer velkommen som lærebedrift og ser fram til samarbeidet!

Med helsing

Anne Sara Svendsen  
leiar

Kjersti Sandtorv Eide  
førstekonsulent

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

Mottakarliste  
STS GRUPPEN AS  
NORSK OPPLÆRINGSKONTOR FOR ISO  
FAGENE

Postboks 6085      5892    BERGEN  
Postboks 149 Midtun    5843    BERGEN

**Vær ei god lærebedrift!**

## Ei god lærebedrift

- ✓ Er bevisst på kva det vil seie å ha lærlingar
- ✓ Forankrar i strategi, leiing og arbeidsmiljø
- ✓ Set av ressursar til å følge opp lærlingane
- ✓ Planlegg, legg til rette og dokumenterer opplæringa
- ✓ Har rutinar for mottak av lærlingar
- ✓ Syter for god oppfølging og vurdering undervegs
- ✓ Involverer lærlingane i planlegging og vurdering
- ✓ Har eit godt arbeids- og læringsmiljø
- ✓ Vurderer kvaliteten på opplæringa og forbetrar denne

### Lærebedrifta sine rettar og plikter (Oppl §§ 4-4 til 4-7):

Ved bedriftsbesøk og dialogmøte tar Vestland fylkeskommune utgangspunkt i desse punkta.

- Lærebedrifta pliktar å leggje til rette produksjonen og opplæringa slik at lærlingen kan nå måla i den fastsette læreplanen.
- Lærebedrifta skal utvikle ein intern plan for opplæringa, for å sikre at lærlingen får ei opplæring som tilfredsstillar krava i læreplanen. Internplanen skal delast ut til lærlingen når læreforholdet startar.
- Lærebedrifta skal skape eit godt arbeids- og læremiljø. Arbeids- og opplæringstida til lærlingen skal til saman ikkje vere lengre enn den arbeidstida som gjeld for andre arbeidstakarar i faget.
- Lærebedrifta melder lærlingen/lærekandidaten til den fagprøva, sveineprøva eller kompetanseprøva som blir halde nærmast den tida da læretida er ute. Lærebedrifta stiller nødvendig arbeidsplass, materiale, reiskapar og assistenthjelp til rådvelde under prøva. Lærebedrifta får eigedomsretten til produktet.
- Det skal opprettast skriftleg lærekontrakt mellom lærebedrifta og lærlingen når læreforholdet tek til. Kontrakten skal vise til arbeidsavtalen som lærlingen har. Avtalane skal ligge føre seinast ein månad etter at arbeidsforholdet tar til (jf. Arbeidsmiljølova §14-5).
- Lærebedrifta skal ha intern kvalitetssikring slik at lærlingen får opplæring i samsvar med opplæringslova og forskrifta til denne.
- Ein eller fleire representantar for arbeidstakarane skal saman med den eller dei faglege leiarane jamleg sjå til at lærebedrifta følgjer pliktene.
- Lærebedrifta skal årleg rapportere til fylkeskommunen om opplæringa av lærlingar og lærekandidatar.
- Faglege leiarar og instruktørar må gjennomføre Vestland fylkeskommune sitt kurs for faglege leiarar og instruktørar innan eitt år frå godkjenningsdato.
- Lærebedrifter får tilskot til opplæringa etter forskrifter gitt av Kunnskapsdepartementet.